



LÆRDAL KOMMUNE

## Lokale retningsliner for fiskefond II i Lærdal kommune

Fiskefond II i Lærdal kommune vart oppretta i 1965 i samband med løyve til utbygging av Lærdalsvassdraget. Frå utbyggjar får fondet årleg tilført midlar. I 2005 vart beløpet oppjustert til kr 206.158 (justering kvart 20 år).

Lærdal kommunestyre har i møte 29.03.07 sak 021/07 vedteke lokale retningsliner for fiskefond II.

### **Formålet med fondet:**

*Midlane skal nyttast til å fremja aurefiske i regulerte og uregulerte vassdrag (gjeld ikkje i vassdrag der det er anadrom laksefisk)*

Fylgjande lokale retningsliner gjeld for bruken av fiskefond II i Lærdal kommune:

### **1. Utsetting av settefisk**

Midlane kan nyttast til kjøp av settefisk etter fylgjande reglar:

Tinging av settefisk skal leverast Lærdal kommune på fastsett skjema innan 1. februar. Det må ligga føre fangsresultat for vatnet/vassdraget, før kommunen kan dekka kostnadane med utsetjing (kjøp) av fiskeyngel. Fangstresultatet skal syna tal fisk med gjennomsnitt vekt. Grunneigar er sjølv ansvarleg for organisering, henting og utsetjing av fisk.

### **2. Andre tiltak som kan støttast er:**

- Opplærings tiltak
- Informasjons arbeid
- Auka tilgjenge til fiskeresursane

Søknad om støtte til andre tiltak frå Fiskefond II, skal sendast Lærdal kommune på fastsett skjema, og skal handsamast av Lærdal formannskap. **Søknadsfrist: 1. april.**